



## FYLKESMANNEN I ROGALAND UTDANNINGSAVDELINGA

### GJESDAL KOMMUNE

**TIDSPUNKT:** Våren 2009      **Vår ref:** 08/8922

**KOMMUNEN SI**  
**ADRESSE:** Gjesdal kommune, Rettedalen 1, 4330 Ålgård

**KOMMUNENR:** 1122

**TILSYNSGRUPPE:** Liv Svendal og Hanne Sørli Ronæss

**KONTAKTPERSON**  
**I KOMMUNEN:** Barnehagesjef Ingunn Konstali

**Heimel for tilsynet:**

Barnehagelova § 9 andre ledd.

**Tema for tilsynet:**

Tilsynet skal kontrollere korleis kommunen følgjer krav til saksbehandling i ”Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder” §§ 1 og 2, jf. barnehagelova §§ 17 og 18.

**Fylkesmannen avdekte følgjande under tilsynet:**

**Avvik :**

Gjesdal kommune har i sine rekrutteringsrutinar vedteke å setje til side forskrifa sitt vilkår om at dispensasjon berre kan givast når det ikkje har meldt seg kvalifisert søker.

**Merknad:**

Gjesdal kommune sine vedtak om dispensasjon inneheld ikkje ei vurdering av den reelle kompetansen til den som blir gitt dispensasjon, og det blir ikkje alltid opplyst om stillinga har vore utlyst. Søknadene viser heller ikkje at alle krava i forskriftena er oppfylte.

Stavanger, 11.06.09

Hanne Sørli Ronæss  
rådgivar

Liv Svendal  
seniorrådgivar

## **Innhald:**

1. Innleiing
2. Dokumentgrunnlag
3. Gjennomføring
4. Avvik
5. Merknader
6. Oppfølging

## **1. Innleiing**

Rapporten er utarbeidd etter brevtilsyn i 13 kommunar i Rogaland.

Det blei ført tilsyn med:

- Barnehagelova §§ 17 og 18, jf. forskrift om mellombels og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrar og pedagogisk leiar §§ 1 og 2.

Formålet med tilsynet var å kontrollere om kommunane har rutinar og praksis som er i samsvar med vilkåra i forskrifta ved søknader om mellombels og varig dispensasjon frå utdanningskrav.

Tilsynet inngår som ein del av tilsynsverksemda hos Fylkesmannen og er heimla i barnehagelova § 9 andre ledd.

### **Tilsynsmetode**

Fylkesmannen gjennomfører tilsyn med kommunane etter ulike metodar. Tilsynet blei denne gongen gjennomført ved spørjeskjema til kommunane, der vi bad om svar på konkrete spørsmål knytte til behandlinga av dispensasjonssøknader.

### **Desse spørsmåla blei stilte:**

1. Korleis sikrar kommunen at vilkåra i lov og forskrift er oppfylte ved midlertidige og varige dispensasjoner? Beskriv kommunen sine rutinar for behandling av søknader om dispensasjon. Dersom rutinane er skriftleggjorde, ber vi om kopi.
2. Dokumenter eksempel på saksutgreiing og vedtak om dispensasjon (ev. avslag). Vi ber om at kommunen oversender kopi av 4 vedtak frå barnehageåret 2007-2008.

Eventuelle funn ved tilsynet blir formulerte som avvik og/eller merknader.

- **AVVIK** blir definert som mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **MERKNAD** gjeld tilhøve som ikke blir omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er nødvendig å påpeike slik at kommunen kan betre forholda.

## **2. Dokumentgrunnlag**

### **Følgjande dokument er lagde til grunn:**

- Barnehagelova av 17.06.2005
- Forskrift om mellombels og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrar og pedagogisk leiar
- Ot. prp. 72 (2004-2005)
- Rundskriv F-08/2006
- Brev frå Fylkesmannen til kommunane 24.02.2009
- Svar frå kommunane på brev av 24.02.2009

## **3. Gjennomføring**

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

Varsel om brevtillsyn: 24.02.2009

Utdjupande svar frå kommunane: Vår 2009

Sakshandsaming hos fylkesmannen: Mars-mai 2009

## **4. Avvik**

### **Avvik :**

Gjesdal kommune har i sine rekrutteringsrutinar vedteke å setje til side forskrifta sitt vilkår om at dispensasjon berre kan givast når det ikke har meldt seg kvalifisert søker.

### **Avvik frå: Barnehagelova § 18, jf. forskrift om mellombels og varig dispensasjon § 1**

#### **Lovkommentar:**

Kommunen kan, etter søknad frå barnehageeigar, innvilge mellombels dispensasjon frå utdanningskravet for styrar og pedagogisk leiar for inntil eitt år om gongen, etter at stillinga har vore offentleg utlyst og det ikke har meldt seg kvalifisert søker. Alle dispensasjoner som blir gitt, skal vere knytte til den personen det blir søkt dispensasjon for og til ei konkret stilling i ein konkret barnehage. Når den reelle kompetansen hos den det er søkt for er vurdert, kan kommunen stille vilkår ved dispensasjonen.

Kommunen må utvise skjønn i vurderinga av barnehageeigar sin innsats for å skaffe kvalifisert personale. Det kan for eksempel vere aktuelt å vurdere utlysningstekst, om utlysinga er offentleg tilgjengeleg, tidspunkt for utlysninga og søknadsfrist for

stillingane. Utlysing i tidsskrift og liknande som rettar seg mot ein avgrensa lesarkrins, vil ikkje vere tilstrekkeleg.

#### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

- I brev frå Gjesdal kommune vert det referert til eit vedtak i samarbeidsmøte med Utdanningsforbundet, der kommunen stadfestar at dei vil tilsetje søkerar utan utdanning framfor førskulelærarar som er vurderte som uegna etter intervju.
- Gjesdal kommune har gitt dispensasjon frå utdanningskravet i eit tilfelle der det også hadde meldt seg kvalifisert søker til stillinga.

## **5. Merknader**

### **Merknad:**

Gjesdal kommune sine vedtak om dispensasjon inneheld ikkje ei vurdering av den reelle kompetansen til den som blir gitt dispensasjon, og det blir ikkje alltid opplyst om stillinga har vore utlyst. Søknadene viser heller ikkje at alle krava i forskrifta er oppfylte.

## **6. Oppfølging**

Fylkesmannen ber om tilbakemelding frå Gjesdal kommune om korleis avviket i rapporten er følgt opp innan 01.08.09.